



Hå
kommune

Møteprotokoll Utval for samfunn

Møtestad: Hå rådhus
Dato: 16.04.2026
Tidspunkt: Kl 16:30 - 16:43

Medlemmer:	Parti
Håkon Kvia	Frp
Tone Karin Slettebø	Frp
Bodvar Vold	H
Gunn Hege Skretting Sirevåg	H
Merethe Elin Kvia	HL
Magnus Ånestad	KrF
Olaus Trygve Bjuland	KrF

Varamedlemmer:	Parti
Hans Aanestad	Sp
Svein Høyland	Sp

Forfall:	Parti
Annette Jensen Gimre	
Hanne-Elise Lindal	Sp
Knut Åge Gjersdal	Sp

Innkalling: Godkjent
Sakliste: Godkjent
Merknader: Ingen

Møtenotat:

Annette Jensen Gimre ikkje møtt.

Merknad til innkalling:

Svein Høyland (Sp):

Det vart stilt spørsmål om behovet for ekstra møte når det er planlagt møterunde veka etter. Det vert peika på at saka ikkje hastar, og at ho difor kunne vore behandla i neste ordinære møte. Det vert og understreka at ein bør vere varsam med å setje opp ekstra møte.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr

025/26

026/26

Sakstittel

Godkjenning av møteprotokoll

Prinsippavklaring av områderegulering for Elgane
vindkraft planID 202601

025/26 Godkjenning av møteprotokoll

16.04.2026 Utval for samfunn

Møtebehandling:

Møteprotokollen blei samrøystes vedteken.

USAM- 025/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blei godkjent.

026/26 Prinsippavklaring av områderegulering for Elgane vindkraft planID 202601

Kommunedirektøren si innstilling

1. Planinitiativet områderegulering for Elgane vindkraft (planID 202601) fremmes av tiltakshaver og gjennomføres i privat regi.
2. Gebyr- og kostnadsfordeling knyttet til planarbeidet skal følge tabell 2.
3. Planarbeidet skal gjennomføres i tråd med føringer i gjeldende kommuneplan. Kommunen kan stille krav om nødvendige konsekvensutredninger og faglige utredninger, herunder presisere omfang, metode og tema.

16.04.2026 Utval for samfunn

Møtebehandling:

Gunn Hege Sirevåg Skretting (H) stilte spørsmål om si habilitet i saka etter forvaltningsloven § 6 (2) og trådte frå utvalet.

Eit samla utval fann Gunn Hege Skretting habil i saka.

Gunn Hege tok plass att i utvalet.

Svein Høyland (Sp) fremja tilleggsforslag til kommunedirektøren si innstilling på vegne av Sp Krf, H, Frp og Hå-lista:

"Som føresetnad for det vidare planarbeidet stiller Hå kommune følgjande krav til planprogram og utgreiing, som skal dekkast i sin heilskap av tiltakshavar:

- **Uavhengig kontroll og kvalitetssikring:** Kommunen skal sjølv velja uavhengig tredjepart (fagkyndig konsulent) som skal kontrollere og kvalitetssikre alle fagrapportar og utgreiingar som tiltakshaver leverer. Kostnaden for denne kontrollinstansen skal fakturerast tiltakshaver etter medgått tid.
- **Bankgaranti/fond for opprydding og tilbakeføring:** Kommunedirektøren skal før sluttbehandling av planen undersøke muligheiten av å utarbeida ein juridisk bindande plan for fullstendig fjerning av anlegget og tilbakeføring av

natur (inkludert fundament og infrastruktur). I dette må tiltakshaver stilla ein ugjenkalleleg bankgaranti eller fondsavsetjing som sikrar at desse kostnadene er dekkja, uavhengig av utbyggjar si framtidige økonomiske stilling.

- **Informasjon:** *Det må vera god informasjon og muligheiter for å påverka i alle fasar av planarbeidet. Opne folkemøter er ein viktig del av dette."*

Kommunedirektøren si innstilling blei vedteke med 7 røyster mot to røyster (Frp). Tilleggsforslag fremja av Svein Høyland (Sp) blei samrøystes vedteke.

USAM- 026/26 Vedtak: Kommunedirektøren si innstilling

1. Planinitiativet områderegulering for Elgane vindkraft (planID 202601) fremmes av tiltakshaver og gjennomføres i privat regi.
2. Gebyr- og kostnadsfordeling knyttet til planarbeidet skal følge tabell 2.
3. Planarbeidet skal gjennomføres i tråd med føringer i gjeldende kommuneplan. Kommunen kan stille krav om nødvendige konsekvensutredninger og faglige utredninger, herunder presisere omfang, metode og tema.

Som føresetnad for det vidare planarbeidet stiller Hå kommune følgjande krav til planprogram og utgreiing, som skal dekkast i sin heilskap av tiltakshavar:

- Uavhengig kontroll og kvalitetssikring: Kommunen skal sjølv velja uavhengig tredjepart (fagkyndig konsulent) som skal kontrollera og kvalitetssikra alle fagrapportar og utgreiingar som tiltakshaver leverer. Kostnaden for denne kontrollinstansen skal fakturerast tiltakshaver etter medgått tid.
- Bankgaranti/fond for opprydding og tilbakeføring: Kommunedirektøren skal før sluttbehandling av planen undersøka muligheiten av å utarbeida ein juridisk bindande plan for fullstendig fjerning av anlegget og tilbakeføring av natur (inkludert fundament og infrastruktur). I dette må tiltakshaver stilla ein ugjenkalleleg bankgaranti eller fondsavsetjing som sikrar at desse kostnadene er dekkja, uavhengig av utbyggjar si framtidige økonomiske stilling.
- Informasjon: Det må vera god informasjon og muligheiter for å påverka i alle fasar av planarbeidet. Opne folkemøter er ein viktig del av dette